

Saksbehandlar: Svein Hågård, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/1813-1

Klage frå Flora Skogeigarlag på avslag på søknad om midlar frå INU-FSF - Eikefjord tømmerkai

[::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓](#)

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet som klagenemnd til å gjere slikt vedtak:

Klagen frå Flora Skogeigarlag vert ikkje teken til følge.

[::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

Vedlegg:

Søknad frå Flora Skogeigarlag
Klage frå Flora Skogeigarlag

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Saksutgreiing frå fylkesdirektøren for næring til INU-FSF-styret dagsett 21.09.15
Saksutgreiing frå fylkesdirektøren for næring til hovudutvalet for næring og kultur si sak 06/16

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

INU-FSF er forkorting for «Den interkommunale næringsretta utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeidsgjevaravgift i kommunane Førde, Sogndal og Flora». Midlane vert tildelte av Kommunal og moderniseringsdepartementet (KMD) over statsbudsjettet kapittel 551, post 61. Midlane er søknadsbaserte etter utlysing. Ramma i utlysinga i 2015 var på ca. 32 mill. kr. Søknadene vert utgreidde av fylkesdirektøren for næring, medan vedtak om tildeling av midlane blir gjort av INU-FSF styret.

Flora Skogeigarlag søkte 14.06.15 om 9 mill. kr i tilskot frå INU-FSF til utviding av Eikefjord tømmerkai. Søknaden, utan vedlegg, ligg vedlagd. Dei samla kostnadene med utvidinga har Skogeigarlaget stipulert til ca. 18 mill. kr.

Styret for INU-FSF av slo søknaden i møte 28.09.15. Flora Skogeigarlag vart orientert om vedtaket ved brev frå fylkeskommunen av 09.10.15.

Skogeigarlaget påklaga vedtaket ved brev dagsett 03.11.15. Klagen ligg vedlagd.

Hovudutvalet for næring og kultur handsama klagen som underinstans i møte 02.02.16, sak 06/16. Hovudutvalet gjorde slikt vedtak: «Flora Skogeigarlag får avslag på klagen.»

Fylkesutvalet som klagenemnd er klageinstans og tek endeleg avgjerd i saka.

2. Klagaren har gjort gjeldande

Klagar har fått SLF-midlarⁱ med 14,5 mill. kr. Dette er langt meir enn klagar hadde trudd. Klagar sitt behov for INU-midlar er difor mykje mindre enn dei 9 millionane som det var søkt om. Samstundes er ei løyving frå INU-FSF viktig for å kome i mål med kaiutvidingsprosjektet. Om ikkje løyvinga vert så stor i denne omgang, kjem alt godt med og kan bidra til å få fullført prosjektet.

3. Vurderingar og konsekvensar

Når det gjeld nærmare detaljar om det planlagte tiltaket, siterer fylkesrådmannen frå fylkesdirektøren for næring si saksframstilling til styremøte i INU-FSF 28.09.15:

«Bakgrunn

Eikefjord tømmerkai har idag ein kaifront på 52m. Med aukande tømmermengder og stadig større båtar fungerer ikkje kaia idag optimalt. Dette også på grunn av undervasskjær som medfører at kaia ikkje fungerer som siste opplastingsstad særleg på fjære sjø. Det er utarbeidd prosjekt på å vri kaifronten slik at den kjem utom undervasskjæret til total kaifrontlengde på 100m med 8m djupne

Nærare omtale av søknaden

Eikefjord tømmerkai er i dag ei betongkai på 52 m kaifront bygd i 1995. Denne kaia har for kort kaifront i høve god logistikk og god økonomisk drift. Det er for lite djupne langs kaifront pga undervasskjær for å kunne nytte ut storleiken på båtane fullt ut ved ulike tidevannsnivå. Det har vore vurdert å sprengje vekk undervasskjæra, men det må til ei utviding for at kaia skal vere framtidsetta i forhold til logistikk både for biltransport til kaia, baklager og båttransport. Ved at ein i staden nyttar undervasskjæra som fundament for kaiutvidinga slik at ein bygger kaifronten utom undervasskjæra, stettar ein krava om 8 meter djupne ved LAT langs heile kaifronten. Dette medfører at vi vrir kaifronten noko i forhold til i dag. Den nye kaifronten ligg 1m framfor eksisterande kaifront i aust og 11m framfor eksisterande kaifront i vest.

Mål, venta resultat og målgruppe

Utbygginga vil realisere eit baklager på 1700 m2 som eit tillegg til den forlengte kaifronten. Dette vil redusere arbeid med flytting av tømmer på kaia då dei nye og største båtane kan laste 3 raster med tømmer på kaifront direkte. Samtidig vert det kort veg å flytte tømmeret fram på kaifront frå baklager. Slik det er i dag ligg noko av baklageret oppe ved fylkesvegen på grunn av for liten kapasitet på kaia i forhold til tømmermengder som vert tilkøyrt. For at det skal bli god logistikk, må mest mogeleg tømmer kunne leggest rett på kaifront.

Framdriftsplan, budsjettoversyn og finansieringsplan

Fullprosjektering av kaiutvidinga med diverse søknader er under arbeid. Søknadsfristen for fullstendig søknad på SLF-midlar er 1. september 2015. Dersom prosjektet får løyving på SLF-midlar, har søkjar ein utbyggingsfrist der prosjektet skal vere slutført innan utgangen av 2017. Håpet er å ferdigstille kaiutvidinga i 2016.»

Fylkesdirektøren har vurdert søknaden frå Flora Skogeigarlag slik:

ⁱ Statens landbruksforvaltning

«Søknaden skildrar prosjektet og behovet for utviding av kaien på ein god måte. Prosjektet er kostbart og ved liknande prosjekt ved for eksempel Kaupanger kai, har fylkeskommunen vore inne med mindre summar. Tilskotet som det vert søkt om her, utgjer ein stor del av dei disponible INU-midlane og det er andre søknader som ligg tettare opp til dei satsingane som er prioriterte i INU sin handlingsplan.»

Dei prioriterte satsingsområda i handlingsplanen til INU-FSF for 2015 – 2021 er

- innovasjon, nyskaping og kunnskapsbaserte næringar
- reiseliv
- infrastruktur/tettstadutvikling
- næringsretta infrastruktur
- kompetanseutvikling
- bedriftsretta tiltak

Fylkesrådmannen har ikkje merknader til at INU-FSF-styret, og hovudutvalet for næring og kultur som underinstans, har kome til at søknaden frå Flora Skogeigarlag ikkje fullt ut «treff» eitt eller fleire av satsingsområda, slik at andre prosjekt heller bør prioriterast.

Eg viser vidare til at klagar har motteke 6,5 mill. kr meir i SLF-midlar enn budsjettert og at det såleis berre står att ca. 3,5 mill. kr før prosjektet er fullfinansiert. Dette beløpet går fylkesrådmannen ut frå at klagar vil kunne skaffe til vege på anna vis, t.d. ved bruk av eigne midlar eller ved støtte frå lag og organisasjonar, slik finansieringsplanen i søknaden også legg opp til.

Viss fylkesutvalet som klagenemnd tek klagen til følgje og innvilgar søknaden frå klagar heilt eller delvis, må midlane hentast frå INU-FSF sitt 2016-budsjett. På 2015-budsjettet står det att restmidlar på berre kr 56 200,-.

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at fylkesutvalet som klagenemnd ikkje tek klagen til følgje. Det er hard konkurranse om dei såkalla INU-FSF-midlane og det er andre prosjekt som både har større behov for tilskot og som ligg nærmare opp til områda som er prioriterte i INU-FSF sin handlingsplan.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)